

Rogaland Ungdomslag

Noregs Ungdomslag
ved styreleiar Torbjørn B. Lauen

Stavanger, 10.01.2022

INNSPEL TIL LOVENINGSFORSLAG

Generelt

Vi ser styret sitt behov for endringar, men stiller likevel spørsmålet om det er klokt å ta så store, grunnleggande og viktige debattar under ein pandemi. Debattarenaene er svært få, laga er i ein sårbar periode, medlemmer og frivillige er slitne...

§2 Trygg samværskultur

- Korleis ein aktivt skal arbeide for å skape trygg samværskultur må skildrast konkret i styringsdokument.
- Debatten om trygg samværskultur må alltid haldast levande i NU.
- Vi syns alternativ 2 er det beste.
- Korleis ser styret for seg verneombod-rolla? Korleis skal dei arbeide? Vi er noko skeptisk til at styret skal peike ut verneomboda. Bør ikkje eit verneombod vere meir objektivt? Kanskje betre om landsmøtet vel verneombod?

§ 10 Språkbruk

- Språkbruksplanen bør bli vedtatt av Landsmøtet for å forankre godt i org.
- Nynorsk er ein viktig del av NU-identiteten og "merkevaren". Sentralleddet må vere eit godt førebilete i nynorskbruk.

Vi ser fram til godt ordskifte på Landsmøtet.

Helsing styret i Rogaland Ungdomslag


Synnøve Jørgensen